

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2016/EØS/47/107

av 17. juni 2011

om endring av vedtak 2009/719/EF om løyve til at visse medlemsstatar reviderer dei årlege programma sine for overvaking av BSE

[meld under nummeret K(2011) 4194]

(2011/358/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 999/2001 av 22. mai 2001 om fastsettelse av regler for å forebygge, bekjempe og utrydde visse typer overførbar spongiform encefalopati⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 1b andre leddet, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett reglar for å forebygge, motkjempe og utrydde spongiform encefalopati som kan overførast (TSE) hjå dyr. I medhald av forordninga skal kvar medlemsstat gjennomføre eit årleg program for overvaking av TSE, i samsvar med vedlegg III til den nemnde forordninga.
- 2) I forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett at dei årlege overvakingssystema skal omfatte minst visse delpopulasjonar av storfe som er nemnde i artikkel 6 i den nemnde forordninga. Desse delpopulasjonane skal omfatte alt storfe som er eldre enn 24 eller 30 månader, og aldersgrensa er avhengig av dei kategoriane som er oppførte i kapittel A del I nr. 2.1, 2.2 og 3.1 i vedlegg III til den nemnde forordninga.
- 3) I vedlegget til kommisjonsvedtak 2009/719/EF av 28. september 2009 om løyve til at visse medlemsstatar reviderer dei årlege programma sine for overvaking av BSE⁽²⁾ er det oppført 17 medlemsstatar som har løyve til å revidere dei årlege overvakingssystema sine i samsvar med forordning (EF) nr. 999/2001. Denne lista omfattar alle medlemsstatar som var medlemmer av Unionen før 1. mai 2004, og dessutan Slovenia og Kypros.
- 4) Vitskapsgruppa for biologiske farar (BIOHAZ) under Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (EFSA) vedtok 9. desember 2010 ei vitskapleg fråsegn om ei andre ajourføring av risikoen for menneske- og

dyrehelsa i samband med revisjonen av ordninga for overvaking av BSE i visse medlemsstatar⁽³⁾ (heretter kalla «fråsegna frå EFSA av 9. desember 2010»). Når det gjeld fråsegna frå EFSA av 9. desember 2010, vart BIOHAZ beden om å analysere dei tilgjengelege opplysningane for dei 17 medlemsstatane som er oppførte i vedtak 2009/719/EF, og for åtte andre medlemsstatar. BIOHAZ gjekk ut frå at alle dei 25 medlemsstatane i minst seks år hadde gjennomført ei overvakingssystem og kontrolltiltak for BSE, slik det er fastsett i forordning (EF) nr. 999/2001. Fråsegna frå EFSA av 9. desember 2010 stadfestar at BSE-epidemien har gått tilbake i dei 17 medlemsstatane som er oppførte i vedtak 2009/719/EF.

- 5) Fråsegna frå EFSA av 9. desember 2010 konkluderer òg med at dersom aldersgrensa for BSE-prøvetaking skulle aukast til 72 månader for friske, slakta storfe, ville sannsynlegvis mindre enn eitt tilfelle av klassisk BSE ikkje verte oppdaga i 2011. I tillegg konkluderte fråsegna med at dersom BSE-prøvetaking av friske, slakta dyr skulle ta slutt frå og med 1. januar 2013, ville mindre enn eitt tilfelle av klassisk BSE ikkje verte oppdaga kvart kalenderår frå og med 2013. Desse funna kan tyde på at risikoen for menneske- og dyrehelsa vil vere svært liten dersom den noverande BSE-prøvetakinga vert tilpassa i samsvar med dette.
- 6) På grunnlag av konklusjonane i fråsegna frå EFSA av 9. desember 2010 bør alderen for storfekategoriane aukast for dyr som er omfatta av dei reviderte årlege overvakingssystema til dei medlemsstatane som er oppførte i vedlegget til vedtak 2009/719/EF. Medlemsstatar som har fått løyve til å revidere dei årlege overvakingssystema sine, bør difor frå og med 1. januar 2013 få høve til å nytte alternative prøvetakingsplanar med tilsvarende verknad medan dei tilpassar seg til den epidemiologiske situasjonen.
- 7) Når det gjeld dei åtte medlemsstatane som ikkje er oppførte i vedtak 2009/719/EF, konkluderer fråsegna frå EFSA av 9. desember 2010 med at den epidemiologiske situasjonen for klassisk BSE er ein annan for ei gruppe som omfattar dei fem medlemsstatane Estland, Latvia, Litauen, Ungarn og Malta, og for ei anna gruppe som omfattar dei tre medlemsstatane Tsjekkia, Polen og Slovakia.
- 8) I gruppa med fem medlemsstatar har det ikkje vore påvist tilfelle av BSE etter at ordninga for overvaking av BSE i Unionen vart gjennomført fullt ut frå 1. mai 2004, og den epidemiologiske situasjonen for klassisk BSE bør reknast for å «minst tilsvare» situasjonen for dei 17 medlemsstatane som er oppførte i vedtak 2009/719/EF.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 161 av 21.6.2011, s. 29, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 35/2012 av 30. mars 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 43 av 2.8.2012, s. 3.

⁽¹⁾ TEF L 147 av 31.5.2001, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 256 av 29.9.2009, s. 35.

⁽³⁾ *EFSA Journal* 2010;8(12):1946.

- Ei liknande ordning for prøvetaking bør difor nyttast på denne gruppa av 22 medlemsstatar, ettersom den epidemiologiske situasjonen kan jamførast i alle statane.
- 9) Fråsegnen frå EFSA av 9. desember 2010 konkluderte vidare med at tendensen når det gjeld epidemien av klassisk BSE i Tsjekia, Polen og Slovakia viser to bølger i førekomsten av klassisk BSE per fødselskohort og i gjennomsnittsalderen for dei påviste tilfella av klassisk BSE. Dette mønsteret med ei andre bølge gjer det vanskeleg å trekkje klare parallellar mellom tendensen for epidemien av klassisk BSE i dei 17 medlemsstatane som alt er oppførte i vedtak 2009/719/EF, og i denne gruppa på tre medlemsstatar. Fråsegnen konkluderer med at når det gjeld desse tre medlemsstatane, vil det for tida ikkje vere føremålstenleg å gje noko overslag over ikkje-påviste tilfelle av klassisk BSE dersom alderen for prøvetaking skulle verte endra i denne gruppa.
 - 10) Latvia la 26. mars 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 11) Estland la 16. juni 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 12) Litauen la 7. oktober 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 13) Luxembourg la 21. oktober 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 14) Tyskland la 27. oktober 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 15) Hellas la 24. november 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 16) Slovenia la 26. november 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 17) Sverige la 30. november 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 18) Spania la 13. desember 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 19) Belgia la 13. desember 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 20) Finland la 13. desember 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 21) Danmark la 14. desember 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 22) Det sameinte kongeriket la 15. desember 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 23) Austerrike la 15. desember 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 24) Irland la 20. desember 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 25) Portugal la 23. desember 2010 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 26) Kypros la 5. januar 2011 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 27) Italia la 13. januar 2011 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 28) Nederland la 18. januar 2011 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 29) Frankrike la 19. januar 2011 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 30) Ungarn la 11. februar 2011 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 31) Malta la 14. februar 2011 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
 - 32) Oppmodingane som er lagde fram av desse 22 medlemsstatane, oppfyller alle krava til revisjon av dei årlege overvakingssystema som er fastsette i artikkel 6 nr. 1b i forordning (EF) nr. 999/2001 og oppførte i kapittel A del I nr. 7 i vedlegg III til den nemnde forordninga. Desse medlemsstatane bør difor få løyve til å revidere dei årlege programma sine for overvaking av BSE.

- 33) I artikkel 3 i rådsforordning (EØF) nr. 706/73 av 12. mars 1973 om fellesskapsbestemmelser som skal få anvendelse for Kanaløyene og Isle of Man med hensyn til handel med landbruksvarer⁽¹⁾ er det fastsett at veterinær- og næringsmiddelregelverket til Unionen skal nyttast på same vilkår på Kanaløyane og Isle of Man som i Det sameinte kongeriket, med omsyn til landbruksvarer som vert importerte til desse øyane eller eksporterte frå dei til Unionen. Men desse øyane er for tida ikkje omfatta av vedtak 2009/719/EF, ettersom Det sameinte kongeriket ikkje hadde lagt fram dei relevante opplysningane då vedtaket vart gjort.
- 34) Det sameinte kongeriket har no lagt fram dei relevante opplysningane om den epidemiologiske situasjonen og om gjennomføringa av regelverket til Unionen med omsyn til BSE på Kanaløyane og Isle of Man. Desse opplysningane viser at den epidemiologiske situasjonen med omsyn til BSE på desse øyane kan jamførast med situasjonen i Det sameinte kongeriket, og at alle dei relevante krava som er fastsette i artikkel 6 nr. 1b og oppførte i kapittel A del I nr. 7 i vedlegg III til forordning (EF) nr. 999/2001, er oppfylte. Vedtak 2009/719/EF bør difor nyttast på desse øyane.
- 35) 15. februar 2011 gav difor Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa ei positiv fråsegn om utkastet til ei avgjerd om endring av vedtak 2009/719/EF om løyve til at visse medlemsstatar reviderer dei årlege programma sine for overvaking av BSE. Dette utkastet til avgjerd, som likevel enno ikkje er vorte vedteke av Kommisjonen, gjev dei 22 medlemsstatane løyve til å nytte ei revidert og harmonisert ordning for BSE-prøvetaking med verknad frå 1. juli 2011.
- 36) 13. april 2011 vedtok EFSA ei vitskapleg fråsegn om ei ny vurdering av den risikoen for menneske- og dyrehelsa som er knytt til revisjonen av ordninga for overvaking av BSE i tre medlemsstatar i EU⁽²⁾. Denne fråsegna konkluderer med at med dei utfyllande opplysningane frå ytterlegare eitt år med overvakeringsresultat, dvs. opplysningane for 2010, viser den modellen som er nytta, at tilliten til prognosane for talet på tilfelle i kohortane for Tsjekkia, Polen og Slovakia har auka monaleg sidan 2000. På bakgrunn av dette, og på grunnlag av resultatata frå den analysen som er gjort, konkluderer EFSA med at BSE-epidemien no har gått monaleg tilbake i desse tre medlemsstatane.
- 37) Fråsegna frå EFSA av 13. april 2011 konkluderer òg med at dersom aldersgrensa for BSE-prøvetaking skulle aukast til 72 månader for friske, slakta storfe, ville sannsynlegvis mindre enn eitt tilfelle av klassisk BSE ikkje verte oppdaga i 2012. Desse funna kan tyde på at risikoen for menneske- og dyrehelsa vil vere svært liten dersom den noverande BSE-prøvetakinga vert tilpassa i samsvar med dette.
- 38) Tsjekkia la 10. februar 2011 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
- 39) Slovakia la 15. februar 2011 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
- 40) Polen la 26. april 2011 fram ei oppmoding for Kommisjonen om revisjon av det årlege programmet sitt for overvaking av BSE.
- 41) Oppmodingane som er lagde fram av desse tre medlemsstatane, oppfyller alle krava til revisjon av dei årlege overvakeringsprogramma som er fastsette i artikkel 6 nr. 1b i forordning (EF) nr. 999/2001 og oppførte i kapittel A del I nr. 7 i vedlegg III den nemnde forordninga. Desse medlemsstatane bør difor få løyve til å revidere dei årlege programma sine for overvaking av BSE, og ordninga for BSE-prøvetaking i desse tre medlemsstatane bør tilpassast den ordninga som Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa gav ei positiv fråsegn om 15. februar 2011.
- 42) Samstundes som det vert teke omsyn til dei nye omstenda etter avstemminga, bør utkastet til avgjerd som Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa gav ei positiv fråsegn om 15. februar 2011, ikkje vedtakast, og eit nytt utkast til avgjerd om å utvide dei føresegnene som alt er vedteke, til òg å gjelde for Tsjekkia, Polen og Slovakia, bør leggast fram for Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa til fråsegn.
- 43) Vedtak 2009/719/EF bør difor endrast.
- 44) Denne avgjerda bør nyttast frå 1. juli 2011, slik at medlemsstatane skal ha tilstrekkeleg tid til å tilpasse framgangsmåtane sine for overvaking av BSE til dei endringane av vedtak 2009/719/EF som vert gjorde ved denne avgjerda.
- 45) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedtak 2009/719/EF vert det gjort følgjande endringar:

- 1) Artikkel 2 skal lyde:

«Artikkel 2

1. Dei reviderte årlege overvakeringsprogramma skal nyttast berre på storfe som er fødte i dei medlemsstatane som er oppførte i vedlegget, og skal omfatte minst dei følgjande kategoriane:

⁽¹⁾ TEF L 68 av 15.3.1973, s. 1.

⁽²⁾ EFSA Journal 2011; 9(4):2142.

- a) alt storfe som er eldre enn 72 månader, og som er slakta på vanleg måte for konsum eller i samband med ein kampanje for utrydding av sjukdom, men som ikkje viser kliniske teikn på sjukdom slik det er nemnt i kapittel A del I nr. 2.2 i vedlegg III til forordning (EF) nr. 999/2001,
- b) alt storfe som er eldre enn 48 månader, og som har gjennomgått naudslakting eller viser teikn til sjukdom ved kontroll ante mortem slik det er nemnt i kapittel A del I nr. 2.1 i vedlegg III til forordning (EF) nr. 999/2001,
- c) alt storfe som er eldre enn 48 månader slik det er nemnt i kapittel A del I nr. 3.1 i vedlegg III til den nemnde forordninga, som er daude eller slakta, men som ikkje
- i) vart slakta med sikte på destruering i samsvar med kommisjonsforordning (EF) nr. 716/96⁽¹⁾,
- ii) vart slakta i samband med ein epidemi, til dømes munn- og klauvsjuka,
- iii) vart slakta for konsum.

2. Ved BSE-prøvetaking av storfe som tilhøyrrer dei kategoriane av dyr som er nemnde i nr. 1 og er fødde i ein av dei medlemsstatane som er oppførte i vedlegget, skal dei

aldersgrensene for prøvetaking som gjeld i medlemsstaten der prøvene vert tekne, nyttast.

3. Som unntak frå nr. 1 bokstav a) kan medlemsstatar som er oppførte i vedlegget, frå 1. januar 2013 avgjere om dei vil ta årlege stikkprøver berre av eit minstetal av dei delpopulasjonane som er nemnde i denne bokstaven.

⁽¹⁾ TEF L 99 av 20.4.1996, s. 14.»

2) Vedlegget vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda skal nyttast frå 1. juli 2011.

Artikkel 3

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfærda i Brussel, 17. juni 2011.

For Kommisjonen

John DALLI

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG«*VEDLEGG***Liste over medlemsstatar og territorium som har løyve til å revidere dei årlege programma sine for overvaking av BSE**

- Belgia
 - Tsjekkia
 - Danmark
 - Tyskland
 - Estland
 - Irland
 - Hellas
 - Spania
 - Frankrike
 - Italia
 - Kypros
 - Latvia
 - Litauen
 - Luxembourg
 - Ungarn
 - Malta
 - Nederland
 - Austerrike
 - Polen
 - Portugal
 - Slovakia
 - Slovenia
 - Finland
 - Sverige
 - Det sameinte kongeriket, Kanaløyane og Isle of Man»
-